



Ingvild Kalnes

Dato: 15.12.2015
Vår ref.: 2014/12281-53
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Tilbakemelding etter arkeologisk registrering – førespurnad om arealoverføring i område med automatisk freda kulturminne - Ytre Fosse - gnr 146 bnr 46 - Lindås kommune

Viser til førespurnad per telefon og e-post korrespondanse angående eventuell arealoverføring frå gbnr. 146/9 til gbnr. 146/46 på Ytre Fosse i Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt innan kulturminnevern.

Det ligg per no ikkje føre søknad om arealoverføring i det aktuelle område. Ytre Fosse er kjend for ei rekke førhistoriske gravfunn, og for å vurdere eventuell framtidig bruk av det aktuelle arealet var det naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte undersøkingar på staden 29.10.2015. Til stades var grunneigar Cato Olsen, som stilte med gravemaskin, og Øystein Skår og Monika Serafinska frå Hordaland fylkeskommune. Det vart ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne ved registringa. Vi har difor ingen merknad til planlagt arealoverføring innanfor det undersøkte området, men vi gjer merksam på at eventuell søknad om arealoverføring må sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneomsyn, jf. § 3 i kulturminnelova.

David J. Aasen Sandved
Konst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.